

## Innkalling Kommunalt foreldreutval – Klepp kommune

<b>Dato:</b>	10.3.2016 kl. 19.30	<b>Stad:</b>	Klepp Rådhus - formannskapssalen
<b>Møtedeltakarar:</b>			
<b>Skule:</b>	<b>Namn:</b>	<b>e-post nye medlemmar, evt ved ny epost</b>	<b>Til stades</b>
Bore	Nina Bjørkelund		X
Bore U	Marianne Reve Brit I Nodland		X
Engelsvoll	Hanne Block Valebjørg		X
Horpestad	Inger Karlsen Ree	På møtet: Sigve Meling	X
Kleppe	Anders Bøe		X
Klepp U	<b>Øyvind Braut - Leiar</b>		X
Orre	Stephen Game		X
Orstad	Ludvig Lima		X
Tu	Borghild Dale		
Vasshus	Bengt D. Gullbrå		X
<b>Barnehage:</b>			
Bore	<b>Camilla Austrått – Leiar bhg. Nestleiar KFU</b>		
Borsheim	Eva – Lill Lambrechts		X
Engelsvoll	Odd Willy Støve	På møtet: Atle Svela	X
Horpestad	Har ikkje eigen repr.		
Kleppe friluftsbhg	Ane Hatteland Nese		X
Lyngmarka	Kristian Vargland		X
Myrsnibå	Kjetil Nes		X
Orre	Elisabeth Fuglestad	På møtet: Kjell Åge Skauvik	X
Orstad	Helene Bekkeheien Silje Husveg Nerheim		X
Steingarden	Roger Nese		X
Storhaug	Tommy Idsal		
Sørhellet	Pål Jakobsen		
Tu	Anne Mette Høyland		
Vasshus	Ine BJORHEIM Berge		
<b>Private:</b>			
Espira Ormadalen	Sebastian Nordvall		X
Kleppestemmen	Lene Bøe		
Markå	Linda Nielsen		
Tjøttaparken	Veronika Dagestad		
Vasshus gbh.	Per Eyvind Fjordholm		
Kommunalsjef	Trond Roy Pedersen		
Barnehagesjef	Åse Kyllingstad Hatteland		
Ass.kommunalsjef	Sigrud Aukland		
Hovudutvalsleiar og nestleiar	Einar Erga Kjersti Olimb Salte		X

Saksnr	Saker	Oppfølging
13/2015/16	<p><b>Referat frå møtet 12.1.16</b></p> <p>Det var ikkje merknader til referatet (sak 13)</p>	
11/2015/16 Delt	<p><b>Heim – skule/barnehage-samarbeidet – kva kan betrast?</b>  <i>Kvart samarbeidsutval/driftsstyre gjennomfører hausten 2015 ei eigavurdering av korleis samarbeidet heim - skule fungerer og finn saman fram til område som kan betrast. (Vedtaket i Hovudutvalet 20.8.15).  Utveksling av idear og tiltak. Saka blei utsett frå sist møte.</i></p> <p><i>Kvar skule og barnehage har med 1 punkt som blir lagt fram.</i></p> <p><b>Hovudutvalet har bede kvart samarbeidsutval/driftsstyre om å gjennomføra ei eigavurdering om korleis samarbeidet med skulen fungerer.</b></p> <p><b>Skule:</b>  Øyvind Braut leia møtet. Leiar i hovudutvalet for barnehage og skule, Einar Erga, var med. Frå etatskontoret møtte Sigurd Aukland. Alle skulane var representerte, bortsett frå Tu</p> <p><b><u>Bore skule:</u></b>  Mest opptekne av skulebyggingssaka, men ser også på omorganisering av FAU og har på gang også andre tiltak for betring</p> <p><b><u>Kleppe skule:</u></b>  Foreldreundersøkinga hadde for låg svarprosent, har "mykje å gå på når det gjeld foreldreengasjement", vurderer anna organisering og har elles eit tett samarbeid med skulen</p> <p><b><u>Horpestad skule:</u></b>  God oppslutning rundt foreldreundersøkinga, ser på strukturen kring elevforeldre-samtalen pga varierende praksis og er elles godt fornøyde med samarbeidet med skulen</p> <p><b><u>Orstad skule:</u></b>  vurderer foreldrekurs, generelt fornøgd med samarbeidet</p> <p><b><u>Engelsvoll skule:</u></b>  delar av foreldregruppa er veldig engasjerte og arbeider aktivt, har også arbeid med å drøfta moglege utfordringar t.d. gjennom bruk av case</p> <p><b><u>Bore ungdomsskule:</u></b>  mest opptekne av skuleutbyggingssaka</p> <p><b><u>Vasshus skule:</u></b>  godt samarbeid, veldig god oppslutning rundt foreldre-undersøkinga pga god tilrettelegging</p> <p><b><u>Orre skule:</u></b>  tett samarbeid, veldig god oppslutning rundt foreldreundersøkinga og aktivt foreldresamarbeid generelt, særlig i saker som utfordrar, vil sjå vidare på driftsstyre</p> <p><b><u>Klepp ungdomsskule:</u></b>  har gjort eigavurdering saman med klassekontaktane, har også hatt foreldreundersøking, elles er det strukturen i foreldresamarbeidet som er utfordringa; val av foreldretillitsvalde vil skje før sommaren</p> <p>Det blei også ei god drøfting ang lekser og lekseoppfølging og tilgang til it's learning. Foreldra meldar frå om at lærarane i Kleppskulen i varierende grad nyttar digitale verktøy og også at lærarane sin kompetanse varierer. Når foreldra ønskjer å følgja opp sitt barn, kan det derfor vera vanskeleg å følgja</p>	

	<p>med sin elev når spriket mellom fag og lærarar er for stort. KFU ønskjer meir informasjon på komande møte om læringsteknologi i Kleppskulen, og gjerne om nettbrett-prosjektet.</p> <p><b>Barnehage:</b> <b>Gjeld både sak 11 og sak 12</b></p> <p><b>Utfordringar:</b> Korleis engasjera og få med alle foreldra:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Postkasse - anonymt</li> <li>- Elektronisk postkasse el. vanleg mail. Vanskeleg å få denne anonym</li> <li>- Bruke FAU-portalen på heimesida aktivt</li> <li>- Ha del av foreldremøtet utan at personalet er til stades.</li> <li>- Ei utfordring er framandspråklege foreldre, korleis får med desse. Er det andre løysingar enn tolk?</li> <li>- Lukka facebookside</li> </ul> <p><b>Informasjon ut til foreldra.</b> ( Det var dette punktet som skåra minst godt på foreldreundersøkinga) Foreldra er sjølv ansvarlege å søka info. Det som blir gjort i ulike barnehagar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Info på mail til alle</li> <li>- Ein liten lapp i skapet med info som gjeld ditt barn</li> <li>- Foreldra eterlyser info om kven som er på jobb dei enkelte dagar. Kan løysast med t.d. bilete på tavle i garderoben.</li> <li>- Viktig å identifisera dei foreldra som ikkje sjølv søker info, ikkje møter o.s.v.</li> <li>- Det er viktig at personalet prioriterar arbeidet med barna før å t.d. skriva info om dagen som har vore.</li> </ul>	
<p>12/2015/16 <b>Gjeld skule</b></p>	<p><b>Erfaringsutveksling – referat gjeld skule</b> <i>Det var semje 29.10. om å setja erfaringsutveksling på dagsorden. Kwart medlem vurderer om det er problemstillingar ein vil reisa eller gode idear ein vil dela. Saka blei utsett frå sist møte.</i></p> <p>Saka vert utsett</p>	
<p><b>Gjeld skule</b></p>	<p><b>Det blei i staden ei engasjert samtale om</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- å bruka dei andre FAU'a i skuleutbyggingssaka</li> <li>- korleis FAU'a kan oppleve press og påverknad, og om å ta avgjersler på eige grunnlag</li> <li>- spelereglar og ordbruk og "drittsslenging" i skulesaker som er emosjonelle</li> <li>- storleik på skular, læringsmiljø og elevtrivsel</li> </ul> <p>Det var stor semje om at kvart FAU bør uttale seg, og at dette må gjerast ut frå rolla som representantar for foreldra ved skulen.</p>	
<p>16/2015/16 <b>Gjeld skule</b></p>	<p><b>Eventuelt</b> Kort runde med utsjekking om informasjon kring aktuelle samlingar når ut til FAU'a (jfr dårleg frammøte på samling om nettmobbing 3. mars). Tilbakemeldinga var at informasjonen når ut til FAU'a.</p>	
<p><b>Neste møte:</b></p>	<p>28.4.2016 kl 19.30</p>	

